



Turistanlegga bør utviklast i Uskedalen, meiner fylkeskommunen

Basert på intensjonane i fylkesplanen for Hordaland om at potensialet for verdiskaping skal utløysast i næringar der ein har særlege føremoner, kan fylkeskommunen rå til at området med turistanlegga i Uskedalen vert utvikla slik som rådmannen har kome med framlegg om i reguleringsplanen.

Fylkeskommunen viser til at småbåtturismen er aukande og det kan igjen føre til ønskje om betre tenester på land som kan gje nye arbeidsplassar i servicenæringa.

På den andre sida har fylkeskommunen merknader til planforslaget når det gjeld universell utforming og kulturminne og ber om at det vert teke omsyn til desse merknadene i prosessen vidare.

Det bør stillast krav til tilkomst, friluftsområder, fellesarealer og parkering. Dette gjeld spesielt utleigebygga, bevertningsstad og småbåthamna, som alle bør ha krav til universell utforming.

Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet.

Derfor har dei ingen avgjerande merknader i saka utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meire.

Av Ola Matti Mathisen.